



Kong Haakon VII sette stor pris på innsatsen til amerikanaren Wilhelm Henry Singer. Her er dei to i hyggelig samtale. Foto utlånt frå Norsk Vegmuseum.

«SINGERVEGEN» ga livsmot og tru

*Den vegen er skapt av brorskaps-ånd
som østland til vestland vil binde.
Ett ledd i den kjeden, det faste bånd
som også vil hjertene finne.
Og bilens seierstog gjør tanken hel
og løfter dagens gjerning, – heil og sæl.*

Dette er eit vers av hyllingsangen som M.B. Landstad skreiv i høve kong Haakons høgtidelege opning av Olden-Innvikvegen i 1936.

Vegparsellen Olden-Innvik var ein viktig del av sambindingsvegen mellom Sogn og Nordfjord, og vidare over Strynefjellet til Austlandet. I 30 år hadde dette vantande vegstykket hindra fri heste- og bilferdsle Sogn-Stryn-Oslo.

Veg mellom Utvik-Innvik kom i åra 1895-99, vidare Stryn-Visnes-Loen-Olden i 1901-09. I 1933 var vegen frå Olden komen til Årholen (ved Frøholm) og det vart ferjedrift derifrå til Innvik og Faleide.

Vegen Olden-Innvik vart påbyrja i 1925. Men løyvingane på dei offentlege budsjetta dugde ikkje. Anlegget vart forskottert av amerikanaren Wilhelm Henry Singer og dåverande Innvik kommune med fleire hundre tusen kroner. Singer åleine stod for nær 600 000 kroner, ein ufatteleg sum den gongen.

FYRSTE KONGEOPNING

Olden-Innvik vart opna av kong Haakon VII den 21. juni 1936. Det var kongens fyrste offisielle vegopning. Det vart

naturlegvis stor folkefest. Ikkje minst vart Singer hylla for innsatsen sin m.a. ved overrekking av St. Olavs orden, kommandørkross med stjerne.

– Singer var med å skape framtidstru og gje nytt livsmot i ei tid med stor arbeidsløyse. Vegarbeidarane heidra amerikanaren ved å reise ein stor minnestein for han på Hildaneset. Singer kvitterte med å samle alle vegarbeidarane, 130 i talet som vi var på slutten, til middag i ungdomshuset i Innvik. Og kongen var med. Det var artig å kome så nær kongen, eg sat berre eit par plassar frå han. For oss vegarbeidarar var dette ei stor oppleving, minnest Johan Fagerheim.

Minnesteinen kosta kvar arbeidar 5 kroner, dvs. tilsvarande ei dagløn. Steinen hadde arbeidarane funne i fjøra då dei arbeidde vegen. Akslund Aaning fortel fylgjande frå frambukseringa av steinen:

– Bak ein lastebil hekta vi ei vogn med ein stubbebrytar på. Vi hadde det vel litt for travelt med å få steinen på, slik at stubbebrytaren tippa og eine beinet råka Ingebrikt Eide, så han måtte ned i kne. Vogna hadde trehjul med jernband, som var både rusta og usmurd. Då vi køyrde måtte vi springe med bøtter i alle elvar for å slå vatn på hjullagra så dei ikkje gjekk seg varme. Arbeidet med å få fram steinen måtte vi gjere på



Ein traust arbeidsgjeng på veganlégget Olden-Innvik i 1936. Foto: Statens Vegvesen Sogn og Fjordane, arkiv.

fritida, men det var ei stor oppleving for oss å få vere med å heidre Singer.

Ved 50 års jubileet for Olden-Innvik i 1986 framheva redaktør Martin Lilleheim «Vegens heidersmenn» på lei-

plass i lokalavisa «Fjordingen». Han skriv m.a.: «Men i dag er det andre heidersmenn vi skal takke like mykje. Nemleg alle dei som jobba på anlegget. Arbeidsdagen var lang og løna var lite å skryte av. Men ein ting er sikkert: Dei gjorde ein

innsats det står respekt av. Fagleg var dei på topp, og noko anna og like viktig er verd å understreke: Dei sette alltid si ære i å gjere førsteklasses arbeid.»

«... STORKNA SVEITTE»

På det meste arbeidde det ca. 280 mann på vegen. I ei tid med stor arbeidsløyse ga såleis anlegget utkomme for mange i distriktet. Alfred Rake, seinare vegmeister i Rogaland, var ein av dei som kom inn i vegvesenet gjennom veganlegget som Singer finansierte. Han minnest fyrste arbeidsdagen sin då dei stod ved den lange gråsteinsura vegen skulle gå gjennom, og arbeidsformannen Petter Skåre sa: «Her har vi fått oss eit stort arbeid, men det er ikkje rare prisen, så særleg pengar blir det ikkje ut av det. Men det seier eg dykk gutar at dersom det er sant som Vinje seier at pengar er storkna sveitte, ja, då har vi mykje pengar liggjande framfor oss.»



*Gamlekara møtes på 50-års jubileet for Olden-Innvik. Alfred Rake (t. h.) i ivrig samtale med David Mindresunde (t.v.)
Foto: Olav Handeland.*

KORT OM SINGER

Wilhelm Henry Singer var rikmannsson frå Amerika, arving til stålverk, gruver og maskinfabrikkar. Men han hadde mange interesser, m.a. var han ein stor naturelskar og likte å måle. Etter verdsomflakkande tilvære kom han til Noreg. I Olden fann han det han leita etter: mykje vakker og urørd natur. Dit kom han fyrste gong i 1913 og var der meir eller mindre kvart år til han døydde. I Olden bygde han villaen «Dalheim» med tenarhus og driftsbygningar for gardsdrift. Kona Anna stod for gardsdrifta. Sjølv var han oppteken med målar kunsten og laksefiske.

Som kunstnar var Singer lite oppteken av motar og straumdrag innan målar kunsten, men gjekk sine eigne veger. I naturen fann han inspirasjon, og er sær omtykt av dei som legg vekt på denne sida av kunsten. Han er kalla «stemningens og stillhetens mester».